



Jon Inge Nesse
Otterås
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3118 - 19/38547

Saksbehandlar:
Maya Riise
maya.riise@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2019

Varsel om kontroll av søknad om regionale miljøtilskot (RMP) for søknadsomgangen 2019 for føretaket 880398032

Lindås kommune viser til føretaket sin søknad om regionale miljøtilskot i jordbruket for 2019.

Kommunen skal kontrollere at utbetaling av regionale miljøtilskot til føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon. Dette har heimel i forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Hordaland og Sogn og Fjordane §22.

Kommunen skal kontrollere minst 10 % av søkjarane kvart år.

Du finn meir informasjon her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/om-regionale-miljotilskudd>

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og me melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter søknadsomgangen for 2019. Kommunen kan kontrollere heile eller delar av søknaden, og dette året er det gjødselplan som skal kontrollereast. Meir informasjon om gjødselplanlegging finn du på denne linken: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/jordbruk-og-miljo/bondens-miljoplan/regelverk>

For å få RMP tilskot ifm nedlegging av husdyrgjødsel er det eit vilkår at du har oppdatert gjødselplan eller har fritak for plan.

Kommunen ynskjer å få tilsendt kopi av gjødselplan for 2019, innan 03.01.2020

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helge- og helligdagar.

Vi ber om stadfesting av at de har motteke denne varslinga om kontroll

Dersom de har spørsmål til kontrollen kan du kontakte underteikna, tlf: 56375646 epost:

maya.riise@lindas.kommune.no



Med helsing

Maya Riise

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jon Inge Nesse

Otterås

5912

SEIM